

## Oppsummering – digital fagsamling om koronapandemien

Webinar, torsdag 20. oktober 2020 kl. 09.00 – 12.00

Preben Aavitsland i Folkehelseinstituttet hadde første innlegg under temaet pandemisituasjonen og «den nye normalen». Aavitsland oppsummerte pandemien frå eit nasjonalt perspektiv og skisserte kva FHI og helsestyresmaktene meiner vi kan forvente oss i tida framover. Aavitsland delte vurderingar om statistikk, m.a. kvifor det kan vere fleire forklaringar på at talet sjukehusinnleggingar er lågt, trass auka smitte. Han sa at det m.a. skuldast det store omfanget av testing og smittesporing, som avdekkjer smittetilfelle med ingen eller milde symptom, og at ein større del av smittespreiinga er blant unge. Det blir stadig oppdaga nye variantar av viruset, men det er førebels ingen sikre teikn på endring med omsyn til kor smittsamt eller alvorleg det er. Aavitsland uttrykte uro for smitteoppblomstring mot vinteren. Han peikte òg på lyspunkt, som t.d. at kommunane stadig blir betre til å oppdage og få kontroll på utbrot, at hurtigtestar kan forenkla testarbeidet, mogleg vaksine og at det er betre kapasitet og kompetanse i sjukehusa.

Guttorm Brattebø frå KoKom og Haukeland universitetssjukehus var medisinsk leiar for teamet som i april reiste til nord-Italia for å hjelpe i handteringa av pandemien då Lombardia-regionen var hardt ramma. Brattebø fortalte om oppdraget og om korleis det norske teamet bidrog til å avlaste italienske kollegaer i den vanskelege situasjonen. Han framheva nokre observasjonar om forskjellar mellom Italia og Noreg, mellom anna kor avgjerande den velfungerande primærhelsetenesta i Noreg har vore for å avlaste spesialisthelsetenesta.

Ingvild Aleksandersen i Bufdir retta merksemda på sårbare born og unge, og særleg korleis konsekvensane av tiltaka for å handtere pandemien har ramma desse gruppene. Ho viste til korleis styresmaktene har arbeidd for å avgrense dei negative verknadane for desse då tenester og tilbod vart stengde. Styresmaktene meiner at fleire born og unge no har hamna i ein sårbar situasjon som følgje av pandemien. Rundt 220 000 born, om lag 20 %, treng ekstra oppfølging sjølv, eller dei høyrer til ein sårbar familie eller er i ein sårbar situasjon (eller kombinasjon av desse). Tilsette i barnevernstenestene vart tidleg i pandemien definert til å vere ein kritisk samfunnsfunksjon. Tidleg kartlegging og rapportering på situasjon og konsekvensar for barn og unge var viktig for å rette og halde merksemda på desse sårbare gruppene. Tenestetilboda har stabilisert seg, men er framleis i nokon grad ramma av smitteverntiltaka. Endringar skjer raskt ved lokale utbrot, og Bufdir er uroa over at det ikkje blir gjort nok for å halde ope skular, barnehagar og lovpålagte tenester til born og unge.

Thomas Vingen Vedeld er kommuneoverlege i Stad kommune. Han delte sine tankar om føresetnader og utfordringar ved å handtere massevaksinasjon i kommunane. Sentrale stikkord var oppdatert planverk, leiing/koordinering og godt planlagt gjennomføring. Vedeld peikte òg på at smittesituasjonen på tidspunktet for vaksinasjonen vil påverke korleis den kan gjennomførast reint praktisk. Blant dei temaa som fleire kommuneoverlegar var med og diskuterte etter innlegget, var om folk vil forstå dei prioriteringane som må gjerast. Fleire var innom dei praktiske løysingane for å gjennomføre vaksinasjon i stor skala.



Helga Arianson, Randi-Luise Møgster (viseadministrerende direktør i Helse Bergen) og Robert Rastad (kommunaldirektør i Bergen kommune) delte tankar og erfaringar om kritiske funksjonar og ressursar sett frå deira organisasjonar. Det er utfordrande å balansere beredskap og normal drift, og det er krevjande for både tilsette og organisasjonane å stå i ein pandemisituasjon som er venta å vare lenge enno. Sentrale stikkord for innlegga var knytt til kor viktig det er å ta vare på dei tilsette som den viktigaste ressursen og å bruke kompetansen deira. Godt samarbeid internt og eksternt har vore og er framleis avgjerande for å kunne handtere pandemisituasjonen på ein god måte.

Sentrale helsestyresmakter har merksemd på og aukande forventningar om etablering av helsefellesskap, som skal få kommunane og helseføretaka til å samarbeide betre. Eivind Hansen (administrerende direktør i Helse Bergen) orienterte avslutningsvis om erfaringar så langt i Vestland, og særleg i opptaksområdet til Helse Bergen. Pandemien har òg bidrege til å få helsefellesskapa godt i gang i Vestland. Hansen retta ein særleg takk til kommunehelsetenesta for innsatsen så langt, og for at dei har tatt den største støyten. Han peikte på fleire faktorar som har bidrege til at vi i Vestland har lukkast med samhandlinga i pandemisituasjonen; forsterking av eksisterande samhandlingsstrukturar mellom kommunane og helseføretaka, godt felles pandemiplanverk har skapt grunnlaget for eit godt operasjonelt samarbeid og den samlande rolla som Fylkesmannen har spelt.